

Søknad

Søknadsnr.	2013-0053	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Bolyst 2013			
Prosjektnavn	Program for integrering i Haram			

Kort beskrivelse

Omlag 12% av befolkninga i Haram har i dag innvandrarbakgrunn. Innvandring frå utlandet vil truleg halde fram i åra som kjem grunna mottak av flyktningar og arbeidsinnvandring. Det er behov for arbeidskraft i industrien og i offentleg sektor. Endringa i befolkningssamansettinga i kommunen utfordrar kommunen, frivillige lag og organisasjonar og arbeidsgjevarane. Korleis kan tilflyttarane verte ein ressurs for å utvikle eit godt samfunn og konkurransedyktige bedrifter?

Prosjektbeskrivelse

Haram vil utvikle ein modell som uttrykkjer felles forståelse og handling for arbeidet med integrering av innvandrarakar i kommunen sett i eit livssyklusperspektiv. (sjå vedlegg Strategi arb innvandng)) Det skal lagast ei oversikt over tiltak som finst, finne fram til område som må gjerast betre og kva nye tiltak som må settast i verk når det kjem så mange frå utlandet til kommunen. Vi startar ikkje på null. Mange tiltak er prøvd ut, og no vil vi utvikle system/modell for korleis dette kan verte heilskapleg som ein del av kommunen sitt arbeid (implementering). Mykje er gjort, men det finst mange utfordringar.

Arbeidsretting av språkopplæringa, kombinere språkopplæring med lokalkunnskap og deltaking i lokale aktivitetar, ha gode rutinar for mottak av innvandrarakar, informasjon, bustader, engasjere frivillege lag og organisasjonar og arbeidsgjevarar.

Kva må gjerast for at dei som flyttar til Haram vert aktive deltakarar i arbeidslivet og lokalsamfunnet?

Målet er og at andre kommunar kan sjå nytte av det heilheitlege programmet med arbeidsmåte og tiltak, og vi er opptatt av å dele erfaringar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Haram kommune v/Guttorm Ulla	Postboks 107 6282 Brattvåg 6282 BRATTVÅG	90065060
Kontakt- person	Guttorm Ulla	Postboks 107 6282 Brattvåg 6282 BRATTVÅG	90065060
Prosjekt- leder	Guttorm Ulla	Postboks 107	90065060

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tilsegn nr 222/2011

Regionale utviklingsmidlar kap. 661 post 60 i statsbudsjettet

Internasjonalisering og integrering av innvandrarak

Spesifikasjon

Bakgrunn

Haram kommune har i mange år arbeidd aktivt med mottak av flyktningar. Mange av dei har fått arbeid, bustad og fungerer godt i samfunnet. Sidan 2007 har talet på innvandrarak dobla seg, noko som gir oss nye utfordringar - og mulegheiter.

Dei fleste er arbeidsinnvandrarak frå store deler av verda, som bur og arbeider i alle bygder.

Haram kommune har i samarbeid med bedrifter sett i verk prosjekt for å utvikle tiltak som gjer at arbeidsinnvandrarak får informasjon dei treng, kan føle seg velkomne og at dei lærer norsk. (sjå vedlegg Kompetanse Haram)

Når arbeidsgjevarar brukar store ressursar på å rekruttere og lære opp nye tilsette, er det viktig at dei nye finn seg til rette og vert verande. Også kommunen brukar store ressursar på denne gruppa i ulike tenester.

Viktige faktorar er at dei får informasjon dei treng for å etablere seg og ein stad å bu. Vidare treng dei å finne seg til rette på arbeid og i lokalmiljøet. Dei som har familie treng jobb til partner og barnehageplass og skule til barn. Det er viktig at dei opplever å høyre til i arbeidsmiljøet og i lokalmiljøet.

Nøkkelen til dette er språk. Så raskt som muleg lære norsk slik at dei kan kome inn i miljøet og trivast. Å lære norsk slik at dei kan lære, ta i bruk og utvikle kompetanse i arbeid og fritid. Unge kan få godt utbytte av skulegangen, slik at dei kan ta utdanning, kome i arbeid og meistre kvardagen.

Prosjektet KompetanseHaram har prøvd ut tiltak for mottak, informasjon og praktisk språkopplæring kombinert med integrering. NIBR gjennomførte forskingsprosjektet "Hvorfor blir de her?", der Haram kommune var ei av tre casekommunar. (sjå vedlegg Rapport NIBR)

Denne søknaden vil vidareføre arbeidet inn i ein ny fase, der målet er systematisk arbeid og tiltak i ein organisatorisk heilskap. NIBR har valt Haram kommune som case også i nytt og større forskingsprosjekt "The Multiethnic rural community: Exclusion or inclusion of immigrants". Forskingsprosjektet vil gi ny og verdifull kunnskap om integrering av innvandrarak. Eit Bulystprosjekt no vil vere optimal timing, og bidra til at vi kan fortsette praktisk utviklingsarbeid med gode og godt dokumenterte resultat !

Prosjekt mål

Haram kommune skal utvikle eit berekraftig program for å ta mot og integrere innvandrarak slik at dei vert aktive deltakarar i arbeidslivet og lokalsamfunn.

Forankring

Prosjektet er forankra hos rådmann og einingsleiarar i Haram kommune som ei vidareføring av det arbeidet som er gjort innanfor vedtekne satsingsområde.

Det er og forankra i kommunen sin strategiplan 2007 - 2017 og i partnerskap med næringslivet gjennom KompetanseHaram som er oppgradert handlingsprogram til strategiplanen.

I strageiplanen 2007 - 2017 er Haram Innovasjonsstudio definert som iverksettingsorgan for kommune og næringsliv for felles strategiske tema.(sjå vedlegg Strageiplan 2007 - 2017)

Prosjektorganisering

Prosjektet skal ha styringsgruppe med representasjon frå kommune, frivillege lag/organisasjonar og bedrifter og eigen prosjektleiing i Haram Innovasjonsstudio. Prosjektleiinga si viktigaste oppgåve vert å initiere og iverksette konkrete tiltak og aktivitetar i samarbeid med kommune og samarbeidspartane. Ulike tiltak og aktivitetar krev samhandling og utarbeiding av felles forståelse.

Samarbeidspartnere

Haram Innovasjonsstudio
Haram vidaregåande skule
Bedrifter
Frivillege lag/organisasjonar
Frivillegsentralen i Haram
Kommunale tenester - einingar
Biblioteket i Haram
NIBR
NHO Møre og Romsdal

Aktivitetar

Utvikle eit heilheitleg program som syner korleis arbeidet med innvandring er tenkt organisert og og gjennomført i framtida sett inn i ein strategisk samanheng (vedlegg Strategi arbeidsinnvandring)

Utvikle og prøve ut nye metodar for arbeidsretta språkopplæringa

Utvikle språkopplæringa i grunnskulen og samarbeide med Haram vidaregåande skule om dette

Utvikle tiltak for å forbetre overgang grunnskule - vidaregåande

Utvikle tiltak for å forbetre overgang utdanning til arbeidsliv

Tilbod om trening av munnleg språk med lokalt innhald og deltaking i lokale aktivitetar som implementering av utprøvde tiltak

Utvikle tiltak for språktrening på arbeidsplassen

Utvikle tiltak for å få barn og vaksne med i lag og organisasjonar

Kurse foreldre i leksehjelp

Ha godt tilgjengeleg informasjon som innvandrarar treng - mellom anna på kommunen si heimeside og andre medier

- Utvikle tiltak for at innflyttarar føler seg velkomne
- Etablere følgeforskning i tillegg til NIBR sitt forkingsprosjekt
- Tiltak som måtte kome til undervegs i prosjektet

Målgrupper

Arbeidsinnvandrarar og familiane deira er hovudmålgruppe, men dei fleste mål og tiltak vil vere like aktuelle for flykningar og andre innvandrarar. Barn og unge er viktig målgruppe.

Resultat

Innsatsfaktorar:

Prosjektleiari som har tid, ressursar og kompetanse til å koordinere målretta arbeid med dette. Kommune, bedrifter og frivillige med aktiv deltaking

Aktivitetar:

Nettverk som utviklar felles tenking i kommune, skule, bedrifter og lag/organisasjonar. Konkrete utviklingstiltak som vert implementert.

Produkt/tenester:

Kurs, møte, nettverk, tilpassa tenester til gruppa, informasjonsmateriell, dokumentasjon

Effekter

Brukareffekter:

Ferdigheiter i norsk, norske venner og kjende, deltar i lokale aktivitetar/lag, kjensle av tilhøyrighet i arbeidsmiljø og lokalmiljø, inkludert i sitt nye lokalsamfunn, hjelp til lokalt å bli betre i stand til å ta mot nye innbyggjarar, senke terskel for deltaking på felles arenaer og møteplassar

Samfunnseffektar:

Deltaking i samfunnsaktivitetar, kan utvikle kompetanse for deltaking i arbeidsliv, ungdom som gjennomfører utdanning, kunnskap om eit sunt liv, inkluderte innvandrarar som evnar å delta i det norske samfunnet lokalt og nasjonalt, minske avtand mellom etnisk norske og innvandrarar og unngå framandfrykt

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Fram til sommaren 2013:

Etablere styringsgruppe og engasjere prosjektleiari. Starte arbeidet med utforming av konkret prosjektplan, der det framgår korleis utviklingstiltak skal evaluerast og implementerast er viktig.

Frå august 2013:

Vidare arbeid med prosjektplan med mål, tiltak, evaluering og implementering.

Engasjere samarbeidspartane i arbeidet. Opprette arbeidsgrupper og inngå avtalar med samarbeidspartane.

Utforme samarbeidet med forskarane i NIBR for læring og dokumentasjon. Arbeid med konkrete utviklingstiltak.

1.7.2014 - 01.07.2015

Strukturen i programmet tar form med ulike tiltak på plass. Tyngda av konkret utprøving foregår.

01.08.15 - 31.12.15

Arbeid med tiltaka, implementering og innarbeiding av modellen i organisasjonen. Evaluering og rapportering.

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Følgforskning	50 000	100 000	100 000			250 000
Kostnad til utstyr, møte arrangement, leige av lok	50 000	100 000	100 000			250 000
Leige av kompetanse, kompetanseutvikling	100 000	200 000	200 000			500 000
Lønnskostnader prosjektleiar inkl sosiale kostnade	350 000	700 000	700 000			1 750 000
Samarbeidspartane bruk av tid	150 000	300 000	300 000			750 000
Tidsbruk eigenandel	300 000	600 000	600 000			1 500 000
Sum kostnad	1 000 000	2 000 000	2 000 000			5 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Eigenandel Haram kommune	250 000	500 000	500 000			1 250 000
Eigenandel samarbeidspartar	200 000	400 000	400 000			1 000 000
Kommunal- og regionaldepartementet	500 000	1 000 000	1 000 000			2 500 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	50 000	100 000	100 000			250 000
Sum finansiering	1 000 000	2 000 000	2 000 000			5 000 000

Geografi

1534-Haram

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Microsoft Word - Rapport_vaar2011_VT_oppdatert[1].pdf	1 207 481	28.02.2013
Rapport_hvorfor_bli_innvandrere.pdf	6 010 297	27.02.2013
Strategi_arbinnv[1].ppt	41 472	08.03.2013
Strategiplan for Haram kommune 2007-2017.pdf	1 800 617	28.02.2013